



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
15.11.2018
Dykkar dato
01.11.2018

Vår referanse
2018/3786- 561
Dykkar referanse
201837304-4

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til melding om bygging av Tørvi mikrokraftverk, Luster kommune

Vi viser til oversendinga 1.11.2018 med høyring av melding om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Tørvi mikrokraftverk i Tverrelvi, Dalselvi (067.2Z).

Kraftverket vil utnytte eit fall mellom 255 og 148 moh. i Tverrelvi. Det er planlagt maksimal slukeevne på 55% av middelvassføringa, og minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring. Årleg energiutbytte er estimert til 0,4 GWh. Dette er ein redusert versjon av ei utbygging som fekk konsesjonsfritak i 2009, men som ikkje vart realisert.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltak i vassdrag får konsekvensar for allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv. Vidare er vi mynde etter lov om laksefisk og innlandsfisk og etter ureiningslova, og vi har eit sektoransvar innan beredskap og landbruk. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Den biologiske kartlegginga for prosjektet som fekk konsesjonsfritak konkluderte med at vegetasjonen ved elva ville verte lite påverka av ei utbygging. Vi ventar heller ikkje at ei redusert utbygging slik det no er søkt om vil få konsekvensar for viktig naturmiljø. Slukeevna er låg, og elva vil oppretthalde stor grad av naturleg dynamikk.

Vi kjenner ikkje til viktige friluftsinnteresser knytt til den planlagt utbygde elvestrekninga, som ser ut til å ha liten verdi som landskapselement. Inntak og kraftstasjon bør likevel tilpassast terrenget så godt som råd, slik at inngrepa ikkje vert større enn nødvendig. Vi legg til grunn at det vert stilt krav til god estetisk utforming for alle tekniske anlegg.

For røyrgatetraséen gjennom innmarka er det viktig å skilje matjord frå undergrunnsmassane før gravinga, og sikre at massane vert tilbakeførde på ein forsvarleg måte. Vidare bør det ikkje køyrast unødige med tunge anleggsmaskinar på dyrka mark, for å unngå jordpakking og skade på drenering.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar vert plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Tverrelvi saman med fleire andre tilløpselvar til Dalselvi er klassifisert i moderat tilstand. Nedst i Tverrelvi er det teke vassprøvar som mellom anna viser enkelte høge verdiar av fosfor. Det går ikkje fram om dette er ureining som kjem inn på tiltakstrekninga, men uansett er dette truleg kjelder det er mogleg å fjerne.

Vi viser til reglane for mellombels anleggsdrift i ureiningslova § 8 når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i

lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Søkar må vurdere om det er behov for støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Luster kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet